

REGULERINGSFØRESEGNER FOR DETALJREGULERINGSPLAN FOR E39 ROMSDALSFJORDEN (VIK – JULBØEN).

Planområde «JULBØEN» og «DELPLAN TUNNEL».

Planidentifikasjon: 1502 201417

Kommunens sak/arkivnr: 2014/3180

Planforslagsdato: 2016-03-31

Revidert etter innkomne merknader: 2016-09-30

Vedtatt i kommunestyret i sak PS121/2016: 2016-12-15

Revidert etter innkomne klager:

[Endringsforslag deler av planområdet: 2021-03-15](#)

[Revidert etter innkomne merknader endra planforslag:](#)

[Vedtatt endra planforslag:](#)

Ny tekst i endringsforslag 2021 er merket med grønn tekst.

§ 1. Generelt

1.1 Planavgrensning

Reguleringsplanen omfattar reguleringsføresegner, teikningar og reguleringsplankart i målestokk 1: 1000; blad 1-3, inkl. «Delplan tunnel». Regulert område er vist med reguleringsgrense på reguleringsplankarta. Reguleringsføresegnene gjeld for areal som ligg innafor plangrensa. [Reguleringsendring er merket «Blad 4», og erstattar deler av blad 3.](#)

1.2 Reguleringsføresmål

Planområdet er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, punkt 1):

- Bustader – frittliggjande småhus, BFS
- Fritidsbusetnad (BFR)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, punkt 2):

- Køyreveg (o_SKV, f_SKV og SKV)
- Gang- og sykkelveg (o_SGS)
- Gangveg/gangareal (o_SGG)
- Køyrlar gang- og sykkelveg (o_SKF)
- Kollektivhaldeplass (o_SKH)
- Parkering (o_SPA)
- Annen veggrunn – tekniske anlegg (o_SVT)
- Annen veggrunn – grøntareal (o_SVG)
- Tekniske bygningar (o_STB)

Grønstruktur (PBL §12-5, punkt 3):

- Turveg (o_GTD)

- Køyrlar turveg (o_GAA)

Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift (PBL § 12-5, punkt 5):

- Landbruksområde (LL)
- Friluftsmål (o_LF og LF)

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, punkt 6):

- Farleier (o_VF)
- Naturområde i sjø og vassdrag (o_VNV)

Omsynssoner (PBL § 12-6):

- Sikringssone:
 - Frisiktsone (H140)
- Faresoner:
 - Høgspenningsanlegg, høgspenkablar (H370)
- Soner med særlege omsyn:
 - Bevaring kulturmiljø (H570)
- Bandleggingssone:
 - Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Områdeføresegner (PBL § 12-7, punkt 1)

- Område for føresegner, rpBO
- Mellombels rigg- og anleggsområde (#)

§ 2. Fellesføresegner

2.1 Kulturminne

Dersom det i samband med utbygging blir oppdaga automatisk freda kulturminne på land eller i sjø som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det råkar kulturminnet eller sikringssona på 5 meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka og i sjøen vert gjort kjend med denne føresegna. Funn på land skal straks meldast til fylkeskommunen si kulturavdeling, og funn i sjø skal straks meldast til Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

2.2 Universell utforming

Gang- og sykkelvegar, parkering- og kollektivhaldeplassar byggast etter prinsipp om universell utforming.

2.3 Støy

- Miljøverndepartementets veileiar for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) er lagt til grunn i reguleringsplanen. Målet er å oppfylle grenseverdi 55 dB (Lden) på uteområde og 30 dB (Leq24h) inne i rom med støyomfintleg bruk. Det endelege omfanget av støytiltak skal vurderast i samband med byggeplan for vegprosjektet.

- Vedlagt «Notat C-Not-03», med støysonekart datert 15.03.2021, skal legges til grunn for støyvurderingene i byggeplanlegginga.
- Eksisterande bygningar innafor plangrensa vert innløyst, og det er såleis ikkje behov for egne støytiltak for desse. Ein legg opp til å skjerme GS-veg med vollar i nokon grad slik det går fram av reguleringsplankartet. Justeringar i byggeplanfasen vert lagt til grunn.
- Regulerte fritidsbustader skal gjennom eigna plassering/utforming av bustaden og/eller lokal skjerming sikrast eit tilfredsstillande støynivå på utandørs opphaldsareal og utanfor vindaug til rom med støyfølsamt bruksformål i høve til T-1442.
- Aktuelle støytiltak skal ferdigstiltes samtidig med utbygging av riksvegen.

2.4 Byggegrense langs offentlig veg

Byggegrense til veg følger veglova § 29 anna ledd, der anna ikkje er vist på plankarta.

For hovudvegen vil byggegrensa være 50 m frå senter i kvar køyrebane. I kryssområdet vil byggegrensa være 50 m frå senter i rampane.

2.5 Tiltak langs offentlig veg

Ved tiltak langs veg skal det ikkje gjerast terrenginngrep som gir vegkroppen dårlegare stabilitet.

2.6 Landskapsbehandling og terrengtilpassing

- Eksisterande botnvegetasjon og vekstmedium innafor alle område som vert råka av vegbygginga (inkludert mellombels rigg- og anleggsområde), skal som første del av anleggsarbeidet tas av og mellomagrast på bestemte område i anleggsperioden.
- Botnvegetasjon og vekstmedium skal mellomagrast separat, og tiltak skal gjerast for at massane ikkje risikerer å bli infisert av ugras eller ureine massar. Øvrig matjord, som ikkje inneheld ugras og uønska artar, skal mellomagrast og leggjast ut igjen, men då utan synlege rester av røter og plantemateriale. Jord frå jordbruksareal og grøfter skal ikkje brukast som vekstmedium i område der det skal gjennomførast naturleg revegetering. Alle råka areal i samband med veganlegget skal setjast i stand og såast til, med nemnte unntak for område der det skal gjennomførast naturleg revegetering.
- Nytt veganlegg skal gjerast slik at det blir best mogeleg tilpassa eksisterande terreng og omland. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng, slik at sideområda får ein estetisk god utforming, og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg.
- Viltgjerder skal plasserast på ein best mogleg estetisk måte i terrenget. Plasseringa av viltgjerdene kan endrast i anleggsfasen dersom dei blir plasserte innanfor det arealet som er avsett til vegformål og beheld sin funksjon som viltgjerde.

2.7 Avvik i arealet for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Grunnerverv skal skje i samsvar med godkjend reguleringsplan. Endringar innafor område regulert til veg vil berre skje som følge av uføresette forhold som til dømes endra grunnforhold eller feil i kartgrunnlag samt optimalisering av løysing. Areal som ikkje vert nytta til vegformål, skal brukas som tilstøytane formål eller først attende til opprinnelig formål.

2.8 Formingsveileiar

Det er utarbeidd ein formingsveileiar som er meint å sikre ein gjennomgåande estetisk utforming av E39 frå Ålesund til Molde. Formingsretteleiar er vedlagt reguleringsplan og syner estetisk utforming, byggetiltak, materialbruk mv. for vegprosjektet.

§ 3. Bygningar og anlegg

3.1 Bygningar som skal fjernast

Bygningar innafor planområdet som skal rivast/fjernast/flyttast ved gjennomføring av vegtiltaket er vist i reguleringsplanen. Dette omfattar både bolig- og fritidsbusetnad.

3.2 Fritidsbusetnad

- Områdene merka BFR_1 og BFR_2 skal nyttast til fritidsbusetnad. Innafor område BFR_1 tillates frådelt 2 tomter, kvar på inntil 1,5 da, og innafor BFR_2 tillates frådelt 1 tomt på inntil 3 da.
- Ny busetnad i område BFR_1 kan ikkje ha gesimshøgde over 5 meter eller mønehøgde over 6 meter. Takvinkel skal vera maksimalt 35 grader og maks BYA pr. tomt er 130 m² inklusiv uthus/anneks eks. parkeringsplasser. Utnyttingsgraden beregnes i henhold til gjeldande teknisk forskrift (TEK).
- I Område BFR_2 kan ein tiltransportere og oppføre eksisterande bygning(ar) frå eigedommen gnr. 132 bnr. 4 i Molde kommune. For eventuell ny busetnad i område BFR_2 kan ikkje gesimshøgda vere over 5 meter eller mønehøgde over 6 meter. Takvinkel for ny busetnad skal vera maksimalt 35 grader. Samla utnyttingsgrad for område BFR_2 skal vere maks BYA 160 m² inklusiv uthus/anneks eks. parkeringsplassar. Utnyttingsgraden beregnes i henhold til gjeldande teknisk forskrift (TEK).
- Det skal leggjast vekt på god tilpassing av bustadene i terrenget. For område BFR_1 skal ein søke å bevare høgdedraget som ligg langs reguleringsgrensa og unngå siluettverknad av ny busetnad. Av den grunn skal evt. oppfylling innafor BFR_1 ikkje vere høgare enn 2,0 m over eksisterande terrengnivå.
- Det er ikkje lov å sette opp gjerder rundt eigendommene. Nettinggjerde for avskjerming mot dyr på beite omfattast ikkje av forbodet.

§ 4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

4.1 Køyreveg

4.1.1 Offentleg køyreveg

- Køyreveg merka o_SKV skal nyttast til offentlig køyreveg, og omfattar vegbane med skuldrer, bru, kulvert, kryssområde og rundkøyningar.
- Hovudvegen har regulert bredde i.h.t. vedlagt profil, og planlagt høgde er vist på tekniske teikningar vedlagt reguleringsplanen.
- Kjøyreveg o_SKV6 er tilkomstveg til tunnel. Traseen må utformast på ein slik måte at veggen og forskjeringa blir minst mogleg eksponert frå omgjevnadane.

4.1.2 Private vegar

- Kjøyreveg SKV1 er privat veg til naust på eiendommen 132/6.
- Kjøyreveg SKV2 er privat adkomstveg frå kjørbur turveg (o_GAA) til fritidsbustad på området BFR2.
- Kjøyreveg f_SKV1 er felles adkomstveg frå kjørbur gang- og sykkelveg (o_SKF2) til to fritidsbustader innafor det regulerte området BFR1.

4.1.3 Avkøyrslar

På hovudvegen og sidevegar skal det ikkje byggjast andre avkøyrslar enn dei som er vist på plankartet. Felles avkøyrslar og private avkøyrslar er regulert som ein del av køyrevegen, og skal være eigd av det offentlege. Vedlikehaldet skal skje i samsvar med punkt 9 i «Forskrift om alminnelege regler om bygging

av vedlikehald av avkøyrslar frå offentleg veg». Avkøyrslar som er vist med pilsymbol gjelder eksisterande avkøyrslar, eller erstatning av slike, som kan oppretthaldast med same bruksformål og rettigheter som før. Nokre av dagens avkøyrslar flyttast, samlast eller fanges opp av nytt sidevegssystem.

4.2 Gang-/sykkelveg og gangareal

- Område merka o_SGS skal nyttast til offentleg gang-/sykkelveg, og har regulert bredde på 3,5 meter.
- Område merka o_SGG er gangveg/-areal som tilkomst til kollektivhaldeplassar.

Gang-/sykkelvegar og gangareal skal byggjast etter prinsippet om universell utforming.

4.3 Kjørbar gang- og sykkelveg

Områder merka o_SKF skal nyttast til offentleg kjørbare gang-/sykkelveg. o_SKF1 er kjørbare gang-/sykkelveg på bru, mens o_SKF2 er tilsvarande på terreng. Vegen vert tillat nytta av saktegåande køyretøy (traktorar, scooterar og mopedar) slik at desse har eit tilbod for kryssing av Julsundet. Regulert bredde er 4,5 meter, og det er regulert møteplassar langs vegen i samband med slik trafikk. Kjørbare gang- og sykkelvegar skal byggast etter prinsippet om universell utforming.

4.4 Kollektivhaldeplass

Områda merka o_SKH1 – o_SKH3 skal nyttast til haldeplass for buss. Områda skal ha universell utforming. I samband med disse haldeplassane skal det etablerast leskur i arealet som er regulert til gang- og sykkelveg (o_SGS) eller gangveg/gangareal (o_SGG).

4.5 Parkeringsplass

Areal merka o_SPA kan nyttast til offentleg parkering i tilknytning til kollektivhaldeplassar, «park & ride» og turvegar. Området skal ha plass til minimum 120 personbileiningar, og av desse skal minimum 3 plassar være reservert for rørslehemma. Det skal leggast til rette for sykkelparkering. Innafor området kan det oppførast teknisk bygg, informasjonstavlar og belysning tilpassa området funksjon som offentleg samferdselsanlegg.

4.6 Annen veggrunn – tekniske anlegg

- Sideareal merka o_SVT, f_SVT og o_SVT kan nyttast til skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar og naudsynt støyskjermingstiltak langs høvesvis offentleg, felles og privat køyreveg. Teknisk infrastruktur som rør, kablar og sluk, skilt/skiltportalar, mindre tekniske bygg, belysning, (vilt)gjerder og bomindringsanlegg kan plasserast innafor arealet.
- Område merka o_SVT4 skal nyttast til fundament for brua over Julsundet. Sjølv fundamentet vil få ein høgde på ca. 7 meter og av estetiske og tekniske høve skal mest mogleg av dette etablerast under eksisterande terrengoverflate.
- Område o_SVT10 er utvida noko lengst aust ved «Utsikta». Dette slik at dette naturlege utsiktspunktet samla kjem innafor det området som vert regulert til anna veggrunn. Dette området skal ein gjere tiltak som kan betre utsikta og opplevinga for dei som ferdast langs vegen. Viltgjerdet må settast så lågt i terrenget at det ikkje øydelegg utsikta.
- Område merka o_SVT5, o_SVT6 og o_SVT7 er fundament/pilarar i samband med brua. I den vidare detaljplanlegging kan det vera aktuelt med ei mindre forskyving av desse områda i bruas lengderetning.
- Areal merka o_SVT28 skal nyttast til plassering av reinseanlegg/slambasseng knytt til tunnelen vidare austover gjennom Julaksla. Området skal og nyttast til riggområde i samband med større framtidige

rehabiliteringsarbeider på tunnelen, vegsystemet eller brua over Julsundet.

Om arealet o_SPA, som er regulert til parkering, vert for lite kan delar av området o_SVT28 også kunne nyttast til parkering. Arealet vil få grusdekke.

- Område merka o_SVT33 skal nyttast som forankringskammer, kor ein skal spenne fast kablane til hengebrua, og som tilkomsttunnel til desse kammera.
- Det skal etablerast ei viltsperre i austenden av brua over Julsundet, seinast innan veganlegget blir tatt i bruk. Før byggstart skal det gjerast ei fagleg avklaring på val av løysing, og den beste løysing som er kjent ved byggstart skal etablerast for å sikre at rovvilt ikkje kan passere brua over til Otrøya.
- Det skal monterast viltgjerde som vist i plankartet. Gjerdet som skal monterast langs begge sider av E39 frå brua og austover til krysset med Fv.662 skal i tillegg til å hindre hjortevilt i å komme inn på vegen også bidra til å auke barrieren slik at rovvilt som rev, grevling og mår ikkje greier å krysse brua og etablere seg på Otrøya. Viltgjerdet på denne strekninga må difor ha eit tett og finmaska nett som hindrar rovvilt i storleik som mink og mår å passere både gjennom og under gjerde, eller å grave seg under gjerde.

4.7 Tekniske bygningar

I område merka o_STB kan det oppførast teknisk bygg i samband med tunnelen gjennom Julaksla. I nært samband med dette området vil det også være aktuelt å sette opp signalmast for radio/mobil-samband knytt til tunnelen.

§ 5. Grønstruktur

5.1 Turveg

- Traseen som er merka o_GTD1 skal nyttast til turveg for å betre tilkomsten til det statleg sikra friluftsområdet og kystfortet på Julholmen. Traseen vert ført saman med den kjørbare turvegen (o_GAA) slik at det vert ein samanhengande tursti rundt veganlegget på Julbøen.
- Traseen som er merka o_GTD2 skal nyttast som gang-tilkomst til eigedommen 132/1,2, «Bårstauå». Det må etablerast ei dør el. tilsvarande der traseen kryssar viltgjerdet.

5.2 Kjørbar turveg

Traseen som er merka o_GAA skal nyttast til kjørbare turveg. Den kjørbare aktiviteten vil være avgrensa til framtidig tilsyns-/servicearbeider knytt til brua over Julsundet, samt tilsyn av bruas kabelforankringar via tunnelen som er vist i «Delplan tunnel». Den kjørbare turvegen vil også bli nytta som tilkomst i samband med jord-/skogbruk langs traseen. I enden av den kjørbare turvegen skal det etablerast ein snuplass. Det vil være naturleg å montere bom eller anna hinder langs vegen for å hindre at vegen vert nytta til allmenn motorferdsel.

§ 6. Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift

6.1 Landbruksformål

- Område merka LL1 – LL10 skal nyttast til landbruks-, natur- og friluftformål.

- Innafor den del av område merka LL9 som ligg vest for avmerkt faresone for høgspenlinje kan det settast opp ein driftsbygning/garasje for jord- /skogbruk. Bygningen kan ikkje ha gesimshøgde over 5 meter eller mønehøgde over 6 meter. Takvinkel skal vera maksimalt 35 grader og maks BYA er 200 m². Bygningen skal ha adkomst frå felles adkomstveg f_SKV1.
- I områder med mye vannsig bak vegskjæringene kan det bli aktuelt å bygge terrenggrøfter.

6.2 Friluftsmål

- Område o_LF1, o_LF2 og o_LF3 er statleg sikra friluftsområde og skal nyttast i samsvar med dei føresegnar som Miljødirektoratet/Fylkesmannen har fastsett for området. Rundt det nordre tårnbeinet (o_SVT4) skal det leggjast ut ei steinfylling for å dempe høgda på fundamentet og gi ei betre estetisk forankring av fundamentet i terrenget.
- Område LF1 er buffersone mellom kjøreveg og kjørbar gang-/sykkelveg. Sona skal ha til hensikt å dempe ulemper i form av støy, støv mv. for dei mjuke trafikantene som ferdes langs gangvegen og betre opplevinga ved ferdsel langs traseen. I sona vil ein i størst mogleg grad ta vare på og fortette eksisterande vegetasjon samt etablere støyttiltak med bruk av naturlege vollar/terrengjusteringar. Det skal ikkje drivast ordinær skogsdrift i buffersona, men fjerning av nedfall og ei avgrensa uttytning kan akseptast så lenge ein oppheld målet med buffersona.

§ 7. Bruk og vern av sjø og vassdrag

7.1 Farleier

Gjeld areal under bru med definert seglingshøgde for skipstrafikk. Seglingshøgda i bruas høgste punkt er fastsett til 65 m over HAT etter samråd med Kystverket. Farleia skal merkast etter retningsliner frå Kystverket.

7.2 Naturområde i sjø og vassdrag

Alle tiltak i naturområde i sjø skal gjennomførast på ein måte som gjer at ein tar naudsynt omsyn til fisk og naturmiljø. Fylling i sjø skal berre skje på dei stader som er vist med skråningsutslag i reguleringsplanen.

§ 8. Omsynssoner

8.1 Sikringssoner

8.1.1 Frisiktsone

Innafor frisiktsoner ved vegkryss skal det være fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytane vegars planum.

8.2 Faresoner

8.2.1 Faresone høgspentanlegg og høgspenkabel

Område merka H370 gjelder sikkerheitssone under og rundt høgspenlinjer. Tiltak i desse områda skal godkjennast av leidningseigar. Det kan gjennomførast nødvendig flatehogst. Det tillates ikkje formål for varig opphald innafor dette området.

8.3 Soner med særleg omsyn

8.3.1 Bevaring kulturmiljø

Omfattar dei automatisk freda kulturminna sine buffersoner og areal som ikkje er avgrensa ytterlegare. Desse er merka H570_1 – H570_6. Det er ikkje høve til å sette i gong gravearbeid eller andre tiltak som kan skade, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Det skal setjast opp mellombels gjerde langs sikringssona i anleggsfasen der det vert aktuelt med anleggsaktivitet inntil sikringssona. Eventuelle dispensasjonar frå føresegnene må godkjennast av rette antikvarisk mynde, fylkeskonservator, jf. kulturminnelovas § 2.

- Område merka H570_6 er sikringssone i samband med kystfortet på Julholmen. Etablering av det enorme fundamentet for hengebrua vil komme i konflikt med kystfortet og vil gje utfordringar spesielt med omsyn til å berge heile den sørlege fasaden av kystfortet. Ein må i vidare detaljplanlegging og byggefase saman med antikvarisk mynde søke å finne løysing som bevarer fasaden i størst mogleg grad.

8.4 Bandleggingssoner

8.4.1 Bandlegging etter lov om kulturminne

Omfattar dei automatisk freda kulturminna som er merka H730_1 – H730_7. Det er ikkje høve til å sette i gang gravearbeid eller andre tiltak som kan skade, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Eventuelle dispensasjonar frå føresegnene må godkjennast av rette antikvarisk mynde, Riksantikvaren, jf. kulturminnelovas § 2.

Dei automatisk freda kulturminna merka i kartet som H730_1 – H730_7 og utgjer følgande ID-lokalitetar:

H730_1: ID56114 (Julbøneset) og ID211635 (Julholmen torpedobatteri)

H730_2: ID214995 (Skjerskogen III), ID 215775 (Skjerskogen V) og ID215776 (Julbøneset VI)

H730_3: ID67036 (Julbøneset)

H730_4: ID212942 (Julbøhamran)

H730_5: ID212829 (Skjerskogen I) og ID212839 (Skjerskogen II)

H730_6: ID180062 (Julbøen bustad- og gardslaug)

H730_7: ID212831 (Storsteinan)

Desse skal fysisk sikrast med gjerde under heile anleggsperioden. Sikringsarbeid og oppsetting av gjerde skal avklarast med Møre og Romsdal fylkeskommune.

§ 9. Områdeføresegner

9.1 Mellombels rigg- og anleggsområde

Generelle føresegner for rigg- og anleggsområde:

- Riggområde og anleggsområde (både på land og i sjø) kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, slik som mellombels bygningar og anlegg, mellombels lagring av steinmassar og stadeigen vegetasjon, oppstillingsareal for bilar/maskinelt utstyr, knusing/vidareforedling av massar o.s.v.
- Når områda blir teke i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte.
- Det kan i anleggsperioden anleggjast mellombels vegar for handsaming av trafikk i bygge- og anleggsfasen.

- Der rigg- og anleggsbeltet kryssar avkøyrslar og tilkomstveggar/ driftsveggar, skal anleggsdrifta planleggast og utførast slik at den ikkje hindrar bruken av desse i vesentleg grad.
- Matjord skal tas vare på og nyttast til tilbakeføring til landbruksareal. Matjord skal ikkje flyttast mellom ulike eigedommar.
- Det skal tas forholdsreglar for å unngå spreiding av framande artar og smittestoff, både gjennom flytting av vann eller jord, samt bruk av utstyr eller massar som kan ha vore i kontakt med slike artar/smittestoff.
- Etter at anleggsperioden for parsellane E39 Vik – Julbøen og E39 Julbøen – Molde er over, og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av veganlegga, skal alle råka område settast i stand og isåast, eller vere naturleg revegetert der dette er bestemt. Områda skal deretter gå over til arealformåla som vist i plankartet.
- Ein skal så langt råd er forsøke å bevare trær og anna vegetasjon i riggområda som kan ha en betydeleg verdi for den estetiske opplevinga av veganlegget når det står ferdig.
- Det er påvist fleire reirlokaltetar for havørn i planområdet. Ein skal saman med ornitologisk fagekspertise så langt råd er forsøke å skjerme og bevare desse og kringliggande trær dersom nokre av lokalitetane ligg i område som er regulert som mellombels rigg- og anleggsområde.
- I tillegg til dei områda som i reguleringsplanen er merka som mellombels rigg- og anleggsområde vil ein så langt råd er også nytte dei områda som permanent er regulert til «samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur» til same mellombels aktivitet. Dette i den hensikt å redusere inngrepa i dei områda som skal tilbakeførast til opphavleg formål.
- Ved overskriding av støygrensene gitt i tabell 5 i retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) skal man følgje tilrådingane i kapittel 4 i rettelisar til retningslinene (M-128/2014).

Spesielle føresegner for det enkelte område:

- I område merka #2 vil det være aktuelt å foreta mellombels utfylling i sjø og etablere eit mellombels kaianlegg. Kaianlegget vil bli nytta til mottak av materialar og innsatsfaktorar i samband med brubygginga. Kaianlegget vil også nyttast til utskiping av massar frå tunnelen gjennom Julaksla. I området kan det også vere aktuelt å montere tårnkran i byggeperioden.
- I område merka #3 vil det være aktuelt å foreta mellombels utfylling i sjø. Forutan dei generelle bruksformåla for riggområde kan det også være aktuelt å montere tårnkran i dette området i byggeperioden.

9.2 Område for føresegner rpBO – automatisk freda kulturminne

Før iverksetting av anleggsarbeid innanfor gjeldande delområde i samband med bygging av ny E39 Romsdalsfjorden, parsell Vik - Julbøen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna ID067035, ID180061, ID180063 – ID180066, ID212814, ID212817, ID214483 og ID215774 som er merka som område for føresegn (rpBO) i plankartet.

Inngrep i ID180060 kan gjennomførast utan vilkår.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at dei kan fastsetja omfanget av den arkeologiske granskinga.

Før byggearbeider kan setjast i gang, skal det vere utarbeidd ein ytre miljøplan som sikrar at føringar og krav for det ytre miljøet blir teke i vare på ein systematisk måte. Som del av plana skal det inngå ein massehandsamingsplan for matjord.

10.2 Parsell aust for denne planen

Påsetting av trafikk på parsellen E39 Vik – Julbøen skal først skje samstundes med at parsellen E39 Julbøen – Molde blir opna for trafikk. Det er av den grunn ikkje vurdert behov for spesielle trafikktryggingsåtak langs fv. 662 anna enn dei som vil vere naudsame innafor planområdet med omsyn til trafikkavvikling i byggefasen.

10.3 Viltsperre i anleggsfasen

Før ein kjem så langt i anleggsperioden at det på noko vis vert mogleg å krysse Julsundet via brua for rovilt som rev, grevling eller mår skal det i austenden av brua etablerast ei viltsperre eller fysisk avsperring som hindrar slik kryssing. Det må etablerast rutinar i anleggsarbeidet med kontroll og oppfølging som sikrar at slik barriere fungerer til ei kvar tid, og heilt fram til permanent viltsperre og viltgjerde er etablert.

10.4 Etablering av fritidsbustader

- På områda som er regulert til fritidsbustad (BFR_1 og BFR_2) tillatast ikkje igangsett frådelling og nybygging av nokon bustad før veganlegget er ferdigstilt.
- Dersom ein vel å flytte eksisterande fritidsbustad frå eigedommen 132/4 til BFR_2, slik det er omtala i planomtala, må denne flyttast i byggetida for veganlegget sia eksisterande busetnad ligg i køyrebanen på ny E39. I så tilfelle tillatast frådelling og etablering når dette er nødvendig av omsyn til veganlegget. Eksisterande busetnad kan i tilfelle tas i bruk når adkomst og aktuelle støytiltak er etablert, og Statens vegvesen har gitt lovnad til dette av omsyn til den gjenståande anleggverksemd.

§ 10. Rekkefølgeføresegner

10.1 Ytre miljøplan